



"Skulekameratane" frå Myrane hadde ein annleis dag på Haugland gamle skule. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Leiinga ved dei to Husnes-barnehagane Myrane og Underheim har oppdaga at ein over 100 år gamal skule kan spela ei viktig pedagogisk rolle. Difor er vitjing ved Haugland gamle skule (Kvinnherad skulemuseum) inne i planene deira..

I førre veka var dei eldste Underheim-borna på Haugland og i denne veka kom turen til Myrane. Underheim har vore innoom Haugland fleire gonger enn Myrane, som var der første gong i fjor. Det er dei som skal bli elevar på skulen til hausten og no blir kalla "skulekameratane", som får eit 2 ½ time langt opphald på Haugland.

- På denne måten får dei kunnskap om korleis ein skule var før i tida. Det kan vera nyttig no like før dei går inn i dagens skule, som er heilt annleis, sa trioen Hilde Karin Haugland, Marianne Lofthus Aakre og Eilin Iversen.

Dei starta opphaldet med at Hilde kledde seg ut som gamal lærarinne og spela rolla så realistisk og livaktig ho makta. Men det vara ikkje lenge før ungane hadde funne ut kven ho var!

Hilde køyrde ei stram disiplinær line slik dei sikkert gjorde også på Haugland skule i si tid. Dei måtte stå fint på rekkje og venta på tur. Og så skreiv dei med blekk og blyant. Etterpå fekk dei mellom anna henta vatn i elva og leika slik dei gjorde i gamle dagar. Og så hadde dei sjølvstekt eit spanande møte med "Veslehuset"!

Det vart i det heile ein annleis dag enn den dei er vane med, og truleg ein dag som dei ikkje gløymer så fort.

- Dette er ein fantastisk plass som burde nyttast enda meir, ikkje minst er natur-ramma utruleg vakker og idyllisk, tykte trioen frå Myrane.

Av Ola Matti Mathisen



Å hoppa strikk var populært under opphaldet ved Haugland gamle skule. (Foto: Ola Matti Mathisen)